



Byggmester Nils J Solend AS  
Nils Solend  
Stølen 12  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7471 - 20/20055

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
21.04.2020

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 137/327 Alver

**Tiltak:**

**Byggjestad:** Gbnr: 137/327

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:** Byggmester Nils J Solend AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.03.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- **Teikningar over eksisterande bustad**  
Tiltaket omfattar bruksendring frå to til ei bueining. Vi kan ikkje sjå å ha motteke teikningar over eksisterande bygg og søknaden må supplerast med dette.
- **Utforming og storleik på garasje**  
Reguleringsplanen for Alver utmark gjeld for området, medan kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen supplerar reguleringsplanen der reguleringsplanen ikkje har egne føresegnar om temaet, jf. føresegn 4.5 i kommunedelplanen.

Det går fram av føresegn 7 i reguleringsplanen at hus som høyrer saman i gruppe skal ha einsarta takform, og av føresegn 12 at garasjar ikkje kan ha større grunnflate enn 40 m<sup>2</sup>.

Omsøkt garasje, som har eit bygd areal oppgitt til 49 m<sup>2</sup> og pulttak, er ikkje i samsvar med reguleringsplanen sine føresegnar når det gjeld storleik og

takform. Alle bygg i området har anten takform med valm- eller saltak. Dette gjeld også bustaden på eigedomen som har saltak. Garasjen si utforming må anten endrast, eller så må det søkjast om dispensasjon frå reguleringsplanen.

- **Registrering av art av særleg stor forvaltningsinteresse**

Det er registrert ein lokalitet av planten kvit skogfrue på eigedomen. Av naturbasen går det fram at arten er freda i medhald av naturvernlova. Heimelshavar er registrert som finnar. Før kommunen vurderer om det er trong for ytterlegare utgreiing ber vi om at det vert meldt tilbake om tiltaket som er planlagt vil råka den registrerte lokaliteten med kvit skogfrue. Lokaliteten kan gjerne merkast av på situasjonskartet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 01.06.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Reguleringsføresegner 27.01.73

### **Kopi til:**

Byggmester Nils J Solend AS	Stølen 12	5911	ALVERSUND
Rune Andre Iversen	Risdalen 3	5911	ALVERSUND

### **Mottakarar:**

Byggmester Nils J Solend AS	Stølen 12	5911	ALVERSUND
-----------------------------	-----------	------	-----------

